



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

Protokoll Kviteseid sokneråd

Tid: Måndag 13.oktober 2025 kl. 17.00 – 19.00

Stad: Kommunehuset, kommunestyresalen

Innkalling: Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund og Anne Oddny Foldøy. Sigrun Lønning Solvang (sokneprest) og Maria Nese Taxerås (kyrkjeverje). Tarjei Draugedal (ordførar og kommunerepresentant), 1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid

Kopi vert og sendt til dei andre varamedlemmene: Monica Haugestøl (2.v.), Geir Helge Susort (3.v.), Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v.). Kopi til Asgeir Sele.

Fråfall: Tarjei Draugedal

Opningsord v/ Sigrunn L. Solvang

Servering – ved kontoret

Oversikt over saker:

SR-sak 34.25	Innkalling og saksliste
SR-sak 35.25	Post og meldingar
SR-sak 36.25	Tilsetjing av kyrkjeverjevikar
SR-sak 37.25	Gudstenesteplan våren 2026
SR-sak 38.25	Barnegospel
SR-sak 39.25	Basar på Misjonshuset 29.november

Eventuelt sak meldt inn av Ida Sigurdslid.

Henvendelse angående framføring av Draumkvedet januar 2025.

08.10.2025

Marit Sørby

Soknerådsleiar

Maria Nese Taxerås

Kyrkjeverja

SR-sak 34.25	Innkalling og saksliste	
Innkallinga til dette møtet vert sendt ut på e-post til alle i SR Merknader til innkalling eller saksliste. Eventuelt. Tillegg: Det siste referatet er lagt ved innkallinga. Merknader til siste referat. Forslag til VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett. Ingen merknader til siste SR-referat. VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett. Ingen merknader til siste SR-referat.		
SR-sak 35.25	Post og meldingar	
1. Arrangement sidan sist ordinære SR: - Det var møte i diakoniutvalet. Evt. Oppdateringar frå møtet. <i>Prostidiakon Eilev var med. Diskuterte korleis det skal arbeidast i diakoniutvalet framover.</i> - KUL-utvalet har starta opp Superonsdag, fyrste gong var onsdag 1.oktober. Dette er eit arrangement den fyrste onsdagen i månaden, der det inviterast til middag på klubbhuset i Vrådal for heile familien. Der er det billig middag til alle, litt allsong og kaffi. Etter middagen er det mogeleg for dei barna som ynskjer å bli med på Allidretten. Dette er eit samarbeid mellom Dnk, Vrådal idrettslag og Staniteten. Vedlagt ligg referat frå møte i KUL-utvalet. <i>Veldig vellukka arrangement, og det ser ut til at dette kan bli eit fast arrangement. Mellom 50-60 personar som kom på middag. 5.november er neste gong, då er det Saniteten og idrettslaget som skal ha ansvaret dei fylgjande gongane. Det skal vera eit oppfylgjingsmøte for å gje God blanding av menneske og aldersgrupper. Påmelding, dette er naudsynt for å vite kor mykje ein skal laga.</i> <i>Økonomisk sett kan det fungera at ein tek utgiftene når ein har ansvaret, og at ein då heng opp sitt vipps-nummer på veggen den gongen.</i> - Felles songmøte i Kviteseid kyrkje 21.september <i>Flott med ein møte med god song berre frå lokale krefter. Dette kan ein gjere meir av. Ingen økonomisk belastning, og flott å kunne få sjå meir av dei lokale songkreftene ein har i bygda.</i> - Konsert i Kviteseid kyrkje 14.september <i>Mange frå bygda og mange utanbygds frå. Flott med ein gratis konsert av Line Haugholmen og Jarle Aaabø.</i>		

2. Planlagde arrangement:

- Gullkonfirmantfest søndag 19.oktober
22 påmeldte. Skal bestillast smørbrød.
- Kyrkjelydsbasar 29.november – sjå eigen sak
- Andaktar på KOS og Midtsundtoppen, 5.nov og 10.des
- Føremiddagstreff på Misjonshuset 29.okt, 26.nov og 3.des i Kviteseid kyrkje.

Nokon må ha ansvar for arrangementet 3.desember. Diakoniutvalet har ansvar for pynting, matlaging og servering. Sigrun har andakt og kyrkjetenarar riggar til bord og stolar.

- Babysong kvar torsdag på Misjonshuset
- Språkkafé 4.november 14.30 – 16.30, og 2.desember – her trengs det fleire som hjelper til.

Er omtrent 30 stk som kjem kvar gong. Marit har laga suppe aleine, no er Ellen Katrine med og hjelper til. Treng nokon som kan vere med å snakka og lytte. Må lagast liste over kven som har ansvar. Når dette vart starta ver det er samarbeid med Frivilligsentralen, Misjonshuset, Betel, Fredheim og Dnk. Send brev først, og så ta kontakt med alle for å få ei liste med dei som kan ha ansvar. Med datoar.

Få inn eit stykke i avisa, der ein oppfordrar innbyggjarar i kommunen til å vere med å bidra.

Invitere ulike organisasjonar og liknande som kan informera om sitt arbeid og kva funksjonar desse her.

Lage ein internasjonal matfest, der «flyktningane» i Kviteseid lagar maten sjølv og alle i bygda vert invitert.

Bør då leggst i eit trusnøytralt bygg, ikkje noko som ligg hos kyrkjelydane. Inkluderingsarbeid for alle. Sundvang kan for eksempel nyttast.

- Allehelgen 2.november. Her vert det helgemesse kl.11.00 i Kviteseid kyrkje, opning av minnelund, og ei samling på Misjonshuset i etterkant. Der deltek prostidiakon og sokneprest, samt Jan Haugen med song og musikk. Diakoniutvalet held open kyrkje i Kviteseid og Vrådal på ettermiddagen frå 16.00-18.00.

Bjørn Stian Sigurdsli, Bjørn Nordskog og Tarjei Draugedal er spesielt invitert. Ringe for å invitere VTB. Opning rette etter gudstenesta. Leiar og nestleiar tek hovudansvar, og legg planen saman med sokneprest. Alle vert invitert til kyrjekaffi på Misjonshuset.

- Lys vaken vert laurdag 15 og søndag 16.november – Berthe Heggliid tek ansvaret

3. Informasjon

- Organist Olav Holm er heime med pleiepengar. Det er usikkert korti han er tilbake på jobb.
- Dagfinn Køhn har sagt ja til å vere vikarorganist litt framover.
- Kyrkjevevja Maria Nese Taxerås er 40% sjukemeld fram til ho går ut i svangerskapspermisjon 4.november.
- Det er 13 konfirantar påmeld frå årets kull. Det vert presentasjon av dei i kyrkjene dei høyrer til.

Konfirmantane starte tysdag 7.oktober. Då gjekk dei ein pilegrimsvandring frå Brunkeberg til Kviteseid kyrkje. Fint med forbøn for konfirmantane og samlingane. Alle i soknerådet får i oppgåve å be for konfirmantane.

- Stillinga som trusopplærar er ikkje lyst ut. Dette er fordi det er kort tid til kyrkjevevja går ut i permisjon, og ein ikkje har høyrd om nokre aktuelle kandidatar.

SR-sak 36.25	Tilsetjing av kyrkjevevjar
---------------------	-----------------------------------

Det kom inn 7 søkarar på svangerskapsvikariatet. Desse er: Frank Steinsvik, Veronika Johannessen, Torill Solli, Jon Svartdal, Bjørnar Christensen, Truls Ekeberg og Marianne Tveit.

Tilsetjingskomiteen hadde fokus på at ein må tilsetje nokon som har erfaring frå tilsvarende stilling, og då sto ein igjen med tre av søkjarane. Det vart ringt til referansar, og etter ein vurdering vart ein person kalla inn til intervju. Vurderinga går på ein heilheit av erfaring og personleg eignaheit.

Vedlegg: CV og søknadar

Tilsetjingskomiteen bestod av soknerådsleiar Marit Sørby, nestleiar Knut Gjersund (kunne ikkje vera tilstades på intervjuet), sokneprest Sigrun L. Solvang, kyrkjegardsarbeidar Bjørn Stian Sigurdslid og kyrkjevevje Maria Nese Taxerås.

Forslag til innstilling frå tilsetjingskomiteen:

Innstille Jon Svartdal i ein 60% stilling som kyrkjevevje frå 1.november 2025 til 1. november 2026, med mogelegheit for å starte opp før for å få litt overlapp. Tilby Bjørn Stian Sigurdslid ein 20 – 40% stilling (med kyrkjeveveløn), for å administrere alt av gravferd og gravplassar.

Vedtak

Innstille Jon Svartdal i ein 60% stilling som kyrkjevevje frå 1.november 2025 til 1. november 2026, med mogelegheit for å starte opp før for å få litt overlapp.

Soknerådet kan ikkje sitja med ei større utgift enn det ein sit med i dag. Må sjekke opp i om det er mva involvert, og om ein i det høve får det tilbake. Same utgift per time for vikar som kyrkjevevje.

Kyrkjevevje avtaler direkte med Bjørn Stian korleis ein løyser det med ei lita stilling ved sida av.

SR-sak 37.25	Gudstenesteplan våren 2026
---------------------	-----------------------------------

Gudstenesteutvalet legg fram forslag til gudstenesteplan for våren 2026. Planen er lagt etter forordninga.

Vedlegg: Forslag til gudstenester Kviteseid sokn våren 2026

Merk:

12.april er det felles diakonigudsteneste som Kviteseid sokn har ansvar for.

26.april er det visitasgudsteneste.

Flytte familiegudsteneste 1.februar til sundagen etter (8.feb), for å ikkje kollidere med Misjonshuset.

Kilen: Bør holde på ei gudsteneste i året i forordninga, elles må ein avvigsla kyrkja og det er ein større prosess. Passer evt betre i august når skulane har starta opp igjen.

Forslag til vedtak:

Gudstenesteplan for våren 2026 godkjennast.

Vedtak

Gudstenesteplanen er godkjent med fylgjande endringar:

- *Flytte familiegudsteneste 1.februar til sundagen etter (8.feb) i Kviteseid for å ikkje kollidere med Misjonshuset.*
- *Gudsteneste 5.juli blir i Fjågesund, ikkje i Kilen. Kilen vert satt inn i planen for hausten.*

SR-sak 38.25

Barnegospel

Barnegospel mangla tidleg i haust ein dirigent. I ein avtale Kviteseid sokn har med Misjonshuset, står det at Dnk skal hjelpe til å finne dirigent dersom Misjonshuset ikkje klarar å finne. Olav spurde Katarina Aasgaard, og ho tok på seg dirigentansvaret dette skuleåret. Det vart då spurt om det er i løna stilling, og det blei då sagt at eit honorar sikkert er mogeleg.

Olav er pianist, og har dette inni si 70% stilling.

I haust skal barnegospel syngja på Fredheim, Betel og på adventskonsert i Kviteseid kyrkje.

Forslag til vedtak:

Katarina Aasgaard betalast eit honorar frå Kviteseid sokn på 5000 kr frå trusopplæringsmidlene, og det vert lagt som ein forutsetning at barnegospel opptrer på tre familiegudstenester i semesteret.

Vedtak:

Det betalast ut ein honorar i form av ein symbolsk sum frå Kviteseid sokn på 2500,- kr som gjeld for skuleåret 25/26 frå trusopplæringsmidlene, som ein eingongssum. Det leggst inn eit sterkt ynskje om at barnegospel skal opptre på to familiegudstenester i tillegg til gudsteneste på 17. mai i 2026.

Vedteke 6 mot 2.

SR-sak 39.25

Basar på Misjonshuset 29.november

Fordeling av ansvar og oppgåver. Tilrigging, kjøkken, kaker, rydding, ande oppgåver.

Alle i soknerådet får ansvar for å stille med minst 3 premiar. Dette kan vera premiar ein får spona av bedrifter, kjøper sjølv eller får av andre. –

Premiane leverast på kyrkjekontoret innan 2.november. 67 gevinstar tilsaman.

Det lagast ei liste der oppgåver og ansvar vert fordelt.

Ida på kjøkkenet?

Solveig lagar suppe og bakar.

Kirsti

Gunhild Dobbe

Dagfinn
Marit

Tilleggssak:

Lage gangveg mot liten parkeringsplass ved Kviteseid kyrkje. Det er no laga ein bort mot gravplassen, slik at ein slepp å gå ut på vegen eller over plenen. Dette godkjenner soknerådet.

Draumekvedet – vidaresendt til kulturutvalet

1.november er frist for innlevering av tekst og bilete til kyrkjeblad.